

Hallo i nedslagsfeltet!

Etter ein kjekk sommarferie fylt med fjellturar og tjukk skodde heime i Sykkylven, sette eg i august kursen mot Sogndal for å starte studenttilværet. Det var ikkje lett å velje studieretning, men etter mykje fram og tilbake fall valet på geologi og geofare ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Og korleis er det egentleg å vere student i verdas einaste tippeligabygd?

Eg har no budd her ein dryg månad, og kan konstatere at bygda har meir enn fotball, saft og Tone Damli Aaberge. Her er eit flust av mulegheiter, spesielt om ein er glad i å røre på seg. Eg har aldri opplevd ein plass med fleire friluftinteresserte ungdommar. Anten det er fjellturar med sko på beina, kajakkpadling eller pudderkøyting om vinteren, har ein høve til å utfalde seg i den flotte naturen i området. Sjølv har eg investert i klatreutstyr, då Sognehallen har ein av dei beste klatreveggane i landet, i tillegg til at her er flotte klatreområde utandørs. Per dags dato er eg slett ikkje flink, for det er både kjempe tungt og vanskeleg. Men det er vel med klatring som med alt anna – ein lyt trene skal ein bli god. Og det skal eg bli!

Elles har eg funne ei fin friidrettsgruppe å trene saman med. Tre gonger i veka er det fellestreningar på tartanen på Kvåle stadion. Trivselfaktoren er høg, og terskelen for å vere med er låg. Rett og slett treningar i god Velledalen IL – ånd. Vi trenar både sprint og kondisjon, og endeleg får piggskoa mine køyrd seg litt igjen. Det hadde vore kjekt å slå nokre av persane mine til neste år, sjølv om forma er ganske langt unna det nivået enno. Eg satsar uansett på ein god treningshaust.



I helga har det vore fjellsportfestival i Sogndal, og i går deltok eg i noko som heiter NERK multisport challenge. Saman med to andre frå geologiklassa mi stilte eg opp i konkurransen som mellom anna bestod av rundballtrilling, mjølkespannhalding og saging. Som avslutning måtte alle hoppe i Sognefjorden for ein kort, men kald symjetur. Litt utanfor komfortsona mi, men av og til må ein vere sporty og ta ei utfordring.



Eg har funne meg godt til rette her. Mykje takka vere fire kjekke sambuarar i kollektivet mitt, men og fordi overgangen ikkje har vore så brå som eg trudde. Sogndal er akkurat passe stort, med fjell og natur i nærleiken. Studiet er ganske intensivt, då vi arbeider i blokker på 6-7 veker med enkeltfag før ein avsluttande eksamen. I første blokk held vi no på med geologi grunnkurs, og eksamen er

faretruande nær. Det vert difor mange timar på lesesalen for tida. Studiet har også ein del feltarbeid og ekskursjonar, og allereie første veka var vi på bretur på Smørstabbreen. Med stegjarn, isøks og hjelm fekk vi ein lærerik tur over delar av den massive breen.





Det er elles med stor glede eg registrerer at Ikorntes stadion har fått ein etterlengta, raud 400-meter rundt seg. Og med det vil eg kome med ei oppfordring til folk heime i Sykkylven: bruk den nye friidrettsbana!

PS: mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til 4,8.

Hilde